



PROTOKOLL
LOKALE LØNSFORHANDLINGAR
HELSE FØRDE (HF) – DEN NORSKE LEGEFORENING (DNLF) 2022

Året 2022, (lokale forhandlingar) vart det i tråd med sentral protokoll mellom Spekter og Akademikerne ført forhandlingar mellom

- Helse Førde og
 - Den norske legeforening (Dnlf)
- vedkomande lønsjusteringar 2022 og endring av B-delsovereinskomst for perioden 2022-2024.

Til stades på eit eller fleire møte:

- | | |
|-------------------|---|
| - For Helse Førde | Torstein Nygård
Inger Johanne Sætenes |
| - For DNLF: | Clarence Johnpillai
Rune Hørgård Tilseth
Hildegunn Styve Borkamo
Tarjei Nyhammer |

Konklusjon:

1. Partane er samde om at fylgjande lønstillegg blir gitt med verknad frå 1.januar 2022 til medlemmer i stilling som forskar, overlege, seksjonsoverlege, seksjonsleiar eller avdelingssjef;
 - a. Alle i stilling som overlege, avdelingsoverlege, seksjonsoverlege, seksjonsleder og avdelingsleder gis eit tillegg i grunnløn på kr. 29 000 per år i 100 % stilling.
 - b. Alle i stilling som overlege, avdelingsoverlege, seksjonsoverlege, seksjonsleder og avdelingsleder med relevant sjukehusspesialitet gis frå og med 5 års tenestetid etter spesialistgodkjenning, i tillegg kr. 10 000 (totalt kr. 39 000) i auka grunnløn (rekna i 100 % stilling).
 - c. Alle i stilling som overlege, avdelingsoverlege, seksjonsoverlege, seksjonsleder og avdelingsleder med relevant sjukehusspesialitet gis frå og med 10 års tenestetid etter spesialistgodkjenning, i tillegg kr. 20 000 (totalt kr. 49 000) i auka grunnløn (rekna i 100 % stilling).
 - d. Overlegar med totallønsavtale og vaktansvar får i tillegg ei lønsauke på kr. 20 000 per år i 100 % stilling, utanfor basisløn.
2. Medlemmer i stilling som forskar og bedriftslege gis med verknad frå 1.januar 2022 lønsauke på 3,9 % av grunnløn.
3. Vaktklassetillegget blir med verknad frå 1.januar 2022 endra slik;

Opp til 1 time:	kr. 637
1-2 timar:	kr. 956
2-4 timar:	kr. 1594

CS

4. B-delsovereinskomsten blir endra slik:

a) Pkt. 5.3.6

Lønnstabell (årsløna er rekna i 100 % stilling).

Stilling	0 år	5 år	10 år
Overlege	Kr. 911 100	Kr. 921 100	Kr. 931 100
Seksjonsoverlege/avdelingsoverlege	Kr. 941 100	Kr. 951 100	Kr. 961 100

Tilsette i stilling som overlege, avdelingsoverlege, seksjonsoverlege, seksjonsleder og avdelingsleder med relevant sjukehusspesialitet gis auke i grunnløn i tråd med tabellen frå og med 5 og 10 års tenestetid etter spesialistgodkjenning.

b) Pkt. 5.3.7

Det blir gitt et doktorgradstillegg på kr. 45 000 per år i 100 % stilling til leger med doktorgrad.

c) Pkt.5.10, fylgjande setning tas inn:

Utvida arbeidstid/tenestetid på 10 timar og meir for overlegar/ seksjonsoverlegar/ avdelingsoverlegar/ seksjonsleiarar/ avdelingssjefar vert godtgjort med 0,13 % av basisløn pr time.

d) Pkt.12.3, blir endra slik;

Når tilsatte blir beordra/konstituert inn i høyere lønna stilling, blir det utbetalt lønna til den en er stedfortreder for fra første dag.

Ved konstituering i lederstilling i forbindelse med avvikling av ferie blir det ikke utbetalt den høyere stillingens lønn.

Førde 17.06.2022


Torstein Nygård
Forhandlingssjef Helse Førde


Clarence Johnpillai
Forhandlingsleiar Dnlf

Felles protokolltilførsel I:

Lønsoppgjeret er gjennomført med dei tillegg og endringar som det er gjort greie for over. Partane kan gjennomgå overeinskomstens del B under fredsplikt og foreta redaksjonelle endringar og andre endringar som partane er samde om. Frist for dette er 1.10.2022.

Felles protokolltilførsel II:

Medisinstudenter utan lisens er ikkje omfatta av overeinskomsten. Partane er samde om gjennom særavtale etablere ei ordning for lønn og lønsauke etter ansiennitet og/eller studieprogresjon for medisinstudenter utan lisens som arbeider som pleieassistent (tilsvarande):

Protokolltilførsel frå DNLF I:

I haust inngjekk Helse Førde og legeforeninga ein avtale med felles intensjon om at LIS skulle få fordjupningstida si, og ikkje verte kjøpt ut. Ein ser at til tross for gode intensjonar og ein god avtale, har LIS vorte fråtekne fordjupningstid for å ta unna drift. Legeforeninga ser dette delvis som eit resultat av underbemanning. Legeforeninga ynskjer også å påpeike at ved inngåing av denne avtalen vart det lagt opp til evalueringsmøter gjennom hausten 2021, utan at ein har fått innkalling til desse.

Legeforeninga ynskjer å behalde den avtalefesta fordjupningstida for LIS for å oppnå spesialisering på normert tid, holde godt faglig nivå og optimal kvalitet på pasientbehandling. Legeforeninga synes også dagens avtale, ved å stryke tapt fordjupningstid ved rullering til annan avdeling, eller anna helseforetak er prinsipielt feil. Dette vil vere premiering av dårleg planlegging. Legeforeninga synes også at det er feil at LIS skal miste fordjupningstid for å ta unna vakant drift. Med bakgrunn i dette foreslo me å få følgjande endringar inn i B-delsavtalen:

«[...] Uteståande fordypingstid som ikkje er tatt ut ved planlagt rullering til annen avdeling eller ved gruppe 1-tjeneste i annet helseforetak, ~~strykes uten kompensasjon~~. utbetales time for time med honorering 0,13 % av basislønn ved avsluttet tjenestested. Dersom uteståande fordjupningstid passerar 16 timar, skal vidare uteståande timar honorerast time for time med 0,13%.[...]».

Intensjonen med dette endringsforslaget er at LIS skal få si avtalte fordjupningstid. Ein ynskjer å ha ein høg sats for frikjøp for å gjere det vanskeligare å verte kjøpt fri.

Ettersom forslaget frå legeforeninga om å ta desse endringane inn i B-delen ikkje vart godkjent, har legeforeninga og Helse Førde vorte einige om å prioritere å arbeide med denne saka vidare.

Legeforeninga ynskjer å sjå på moglegheita for å signere ein særavtale før utgangen av august dersom ein ikkje ser betring i praksis vedrørande lesedagar i foretaket i løpet av sommaren.

Protokolltilførsel frå DNLF II:

Partane drøfta tillegg i ambuleringsavtalen for å sikre like avtalar med bærekraftige rammer med tanke på drift og rekruttering til ambulering. Ein kom ikkje til einigheit om dette. Legeforeninga meiner partane bør jobbe vidare med dette med mål om å justere teksten i B-delsavtalen.

Protokolltilførsel frå DNLF III:

Legeforeninga forsøkte under årets forhandlingar å endre ordlyden frå «kveldspoliklinikk» til «ekstra poliklinikk» for å komme nærare det vi meiner var intensjonen med avtalen. Man kom ikke til enighet. Dnlf mener partene bør jobbe videre med dette for å sikre rekruttering til ekstra innsats for å få ned ventelistene.